



Arkivnr: 2015/3886-4

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		09.09.2015
Fylkesutvalet		23.09.2015

**Prosjektstøtte til Hardangerviddetunnelen AS****Samandrag**

Hardangerviddatunnelene AS har i brev frå 3. juni 2015 søkt om prosjektstøtte frå Buskerud fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune til gjennomføring av to utgreiingsprosjekt. Det har nyleg vore høyring på Aust/vest utgreiinga. KVU for Rv7 Hardangervidda er venta å koma på høyring i september 2015.

Utgreiingsprosjekta til Hardangerviddetunnelen AS er meint å vera innspelsdokument frå Hardangerviddatunnelen AS i høve til desse statlege utgreiingane, med sikte på prioritering av Rv7 i Nasjonal transportplan 2018 – 2029.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet syner til søknaden frå Hardangerviddatunnelene AS frå 3.juni 2015 om støtte til kjøp av to utgreiingar. Det er viktig å få dokumentert ringverknader og nytte av Rv7 over Hardangervidda. Fylkesutvalet løyver kr. 300 000 i prosjektstøtte, finansiert over fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto.
2. Fylkesutvalet vil understreka at det er Hardangerviddatunnelen AS som er ansvarleg for tematikk og tingina av utgreiingane. Hordaland fylkeskommune heftar ikkje for innkjøpet og resultata frå dette utgreiingsarbeidet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg:

2 søknad om prosjektstøtte fylkeskommuner 03062015

**Fylkesrådmannen, 02.07.2015**

## Bakgrunn

Hardangerviddatunnelene AS har i brev frå 3. juni 2015 søkt om prosjektstøtte frå Buskerud fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune til gjennomføring av to utgreiingsprosjekt. Det har nyleg vore høyring på Aust/vest utgreiinga. KVU for Rv7 Hardangervidda er venta å koma på høyring i september 2015. Utgreiingsprosjekta til Hardangerviddetunnelen AS er meint å vera innspelsdokument frå Hardangerviddatunnelen AS i høve til desse statlege utgreiingane, med sikte på prioritering av Rv7 i Nasjonal transportplan 2018 – 2029.

## Om selskapet

Hovudføremålet for Hardangerviddatunnelane AS er å etablera sikker heilårveg over Rv7 Hardangervidda gjennom bygging av tunnelar. Selskapet vart stifta i 2011 og er eigd av kommunane Hol, Eidfjord, Nore og Uvdal, Ulvik, Ål og Ullensvang. Sjå <http://hardangerviddatunnelene.no/>

## Om søknaden

Hardangerviddetunnelen AS søker om prosjektstøtte frå HFK og BFK til kjøp av utgreiingar frå konsulentelskapa NyAnalyse og Implement Consulting Group.

NyAnalyse skal utarbeida ein ringverknadsanalyse for utvalde bedrifter langs Rv7 med tre ulike scenario for trafikk/turisme. Analysen kostar 200 000 – 230 000 kr. Dei utvalde bedriftene er Hotell Ullensvang, Hardangervidda Natursenter Eidfjord AS, Hallingplast AS, Hallingdal Feriepark og Vestlia Resort og Highland Lodge<sup>1</sup>.

Implement Consulting Group skal utarbeida eit notat som ser på dei ulike føresetnadane i KVU for Rv7 Hardangervidda og for Aust/vest utgreiinga ut frå eit metodisk perspektiv, samt ein samfunnsøkonomisk analyse av Rv7<sup>2</sup>. Fastprisen for Implement Consulting sine utgreiingar er kr. 500 000 pluss reisekostnader.

Hardangerviddatunelen AS søker om prosjektstøtte for desse to prosjekta, men utan å spesifisera eit ønska beløp. I vedlegget til søknadsbrevet vert det opplyst om at Hardangerviddetunnelen AS får 2 mill. kr. frå Hol kommune og 2 mill.kr. frå Eidfjord kommune (frå kraftfonda) fordelt over åra 2015 og 2016.

## Fylkesutvalet sin uttale om aust/vest sambanda

Fylkesutvalet i Hordaland handsama 22.4.2015, sak PS92/15, «Høyring - "Utredning om forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet", og gjorde slikt vedtak:

*«1. Fylkesutvalet stiller seg bak målsetjinga i Statens vegvesen si "Utredning om forbindelse mellom Østlandet og Vestlandet" om å prioritera nasjonale hovudvegsamband mellom landsdelane. Fylkesutvalet understrekar at E39 Stavanger - Bergen, E16 Voss - Bergen og Bergensbanen (Voss - Bergen og Ringeriksbanen) må ha første prioritet i høve til utbygging av vefsambanda aust/vest over fjella.*

*2. Ut frå landsdelsbehova må Rv7 over Hardangervidda også prioriterast som eit nasjonalt vefsamband aust-vest.*

*3. Fylkesutvalet meiner at E134 Haukeli må prioriterast som eit nasjonalt hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet. Med utbygging av ferjefri E39 mellom Stavanger og Bergen, vil E134 Haugesund - Sandvika bli ein tenleg veg for heile området mellom Stavanger og Bergen. På sikt må det byggjast ein diagonal frå E134 mot Bergen. Ein slik diagonal vil gje stor trafikk, betydeleg lågare reisetid og kunna gje store regionale effektar i fylket.*

*4. Når det er aktuelt å gjennomføra ein KVU for aktuelle trasear for E134 Jøsendal - Bergen, må*

<sup>1</sup> Sjå: <http://hardangerviddatunnelene.no/2015/04/30/skal-undersoke-regionale-effekter-med-hardangerviddatunnel/>

<sup>2</sup> Sjå: <http://hardangerviddatunnelene.no/2015/06/10/skal-regne-samfunnsnytten-av-tunnel-under-hardangervidda/>

*samtlege moglege diagonaltraséar vurderast.»*

#### **Fylkesrådmannen sine merknader**

Fylkesrådmannen viser til fylkesutvalet sin uttale til aust/vest utgreiinga. Fylkesutvalet meiner at E134 Haukeli må prioriterast som eit nasjonalt hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet. Men fylkesutvalet vedtok også at ut frå landsdelsbehova må Rv7 over Hardangervidda også prioriterast som eit nasjonalt vegsamband aust-vest. Dei to utgreiingane som Hardangerviddatunnelane har tinga hos konsulentelskapa Ny Analyse og Implement Consulting group, kan medverka til å auka kunnskapane om ringverknadane og nytten av Rv7 - ein viktig regional veg og eit nasjonalt vegsamband aust-vest. Eit slikt fagleg grunnlag vil kunna verta eit supplement til Aust/vest utgreiinga og KVU-en for Rv7 over Hardangervidda.

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet løyver kr. 300 000 i prosjektstøtte, finansiert over fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto. Fylkesrådmannen har vore i kontakt med Buskerud fylkeskommune som vil innstilla på å gje tilsvarende støtte til Hardangerviddatunnelen AS.

Fylkesrådmannen vil understreka at det er Hardangerviddatunnelen AS som er ansvarleg for tematikk og tingina av utgreiingane. Hordaland fylkeskommune heftar ikkje for innkjøpet og resultata frå dette utgreiingsarbeidet.